

# Byggjer 2,4 dekar industrihall

Omsetnaden ved Lid Jarnindustri AS i Steinsdalen har vakse jamnt dei siste 15 åra. No veks verksemda ut av lokal.

ÅSMUND SOLDAL

For om lag tre år sidan tok selskapet ei prinsipiell avgjerd om at produksjonen skal føregå i Steinsdalen og ikkje i Aust-Europa. Dette trass i at det var flust med lukrative tilbod om svært billig arbeidskraft. Sidan utflaginga vart avvist som uaktuell, har trykket på merkenamnet *Dalen* berre auka. Dei 55 tilsette arbeider det reimar og tøy toler for å fylla traileiane som dagstøtt hentar snøfresarar, vedmaskiner og andre *Dalen*-produkt.

— Verksemda treng 2.400 nye kvadratmeter til lager og montering, seier marknads- og IT-sjef Dag Rune Lid til HF.

Investeringa kjem på 14–15 millionar kroner.

Dalen-produkta går unna etter kvar som dei er ferdige, seier han. Det er lang leveringstid på dei mest populære. For tida er det til dømes slikt press på snoryddingsutstyr at *Dalen* ikkje har kapasitet til å levera vedmaskiner før i februar.

Verksemda treng også den nye hallen for å etterkoma krav i Kyoto-avtalen. Denne set grenser for utslepp av løsemiddel. Lid opplyser at dei nye, vassbaserte lakktypane kjem til å trenge meir tid til å herda.

I valet av Steinsdalen la det familieeigde selskapet avgje-



Over:  
Maskindel laga i ein operasjon.

Til venstre:  
Laserbrennaren som Anders Auganes (t. v.) styrer, har vore ei god investering, seier Dag Rune Lid.

rande vekt på at det er i dalen verksemda hører til.

— Me kan seia dette er vårt bidrag til å trygga eit levande lokalsamfunn, seier Dag Rune Lid.

## Eksport

Verksemda i Steinsdalen eksporterer, mest vedmaskiner, til Sverige, Tyskland, Storbritannia og Frankrike, og kunne selt til andre land. Men produksjonskapasiteten strekkjer ikkje til.

Marknadssjefen fortel muntret om den kjappe, italienske importøren som ringde for å å spørja om vedmaskina. Ikkje lenge etter mottok Lid ein e-post med forslag til ei brosjyre om vedmaskina på italiensk. Italianeren ville straks trykkja og koma i gang med importen.

Lid seier *Dalen* i haust, med hell, har delteke på tre britiske landbruksutstillingar. Den sto-

re norske messa, Agroteknikk, vart halden ved Lillestrøm førre veke. Det vart mykje merksamme kring dei nye *Dalen*-modellane.

— Eksporten trygger arbeidsplassane i Steinsdalen, for då er me ikkje heilt og fullt avhengige av den økonomiske utviklinga her i landet, forklarar Lid.

## Dyrare

Marknadssjefen vedgår at *Dalen*-produkta ikkje er av dei billegaste. Han trur suksessen skuldast at kundane har hatt så god råd dei siste åra at dei vel kvalitet framfor rimelegare utgåver. Lid seier verksemda har satsa mykje dei siste åra på kvalitet og driftstryggleik, og ikkje minst design.

— Stadig fleire kundar understrekkar kor dyrt det er å få driftsstopp. Kvalitet og gode

løysingar synest vera avgjande også på den harde eksportmarknaden, seier han.

## Teknologi

Talet på tilsette har vore stabilt dei siste tiåra. Men kvar tilsett produserer mykje meir enn for 15 år sidan. Lid Jarnindustri nyttar maskiner som leverer så presist uformata delar at dei kunne gått rett inn i ein bilmotor. Lid opplyser at det er investert for om lag ti millionar i slik høgteknologi dei siste åra.

Ein datastyrd laserbrennar som kan gå dogetret rundt, har synt seg som ei lønsam investering. Operatør Anders Auganes kan sitja heime og fylgja med på pc-en korleis produksjonen går også når det ikkje er folk på jobb.

Guttorm Lid styrrer eit monststrum av eit maskiningssenter. Når han set inn eit emne

og fortel datamaskina korleis resultatet skal vera, strøymer det ut ferdig maskinerte delar med toleransar på hundrede lar av ein millimeter. Senteret arbeider i fem aksar samstundes, og lagar delen heilt ferdig på 75 prosent kortare tid enn eldre maskiningssenter. Også denne maskina kan arbeida etter at operatøren har teke kveld, men då må han først setja ein robot i arbeid med å mata inn emne.

Ein annan stad i bygningen sit fire ingeniørar og pønskar ut neste modell med avanserte konstruksjonsprogram.

Dei lagar tredimensjonale modellar av kvar einaste del som er innom Lid Jarnindustri. Saman har avansert teknologi og godt handlag tredobla omsetnaden dei siste 15 åra, frå 20 til godt og vel 60 millionar kroner.